

Steinkjerpositiv  
Eigar: Egge museum  
Positivmakar: Thomas Fosnæs  
Produksjonsår: 1852



Annasæus Myklevand frå Grong vart allereie som 18 åring straffedømt. Han var ein uroleg og ustabil kar med ekte rallarblod. Men han var også hjelpsam, aldri småleg, usedvanleg kreativ og fargerik. Det vart sagt om Myklevand at han talte som ein prest og skreiv som Ibsen.

Annasæus Eriksen Myklevand var fødd 22. juni 1875 ved Møkkelvatnet i Grong. Han var son av ein husmann og kom frå fattigslege kår. Allereie som 8-åring måtte han flytte frå foreldra og bu til framande nede i bygda for å gå på skole. Etter konfirmasjonen reiste han rundt i Trøndelag, Nordland og Sverige som handelsmann. I avisene blir han skildra som ein *meget kvik og begavet ungdom*, men allereie som 16 åring vart han i Meddomstolen i Inderøy dømt til 10 dagar i fengsel på vatn og brød for mindre lovbrøt.

Sist på 1800-talet vart han gift med Bertine i Lofoten, medan han er i militærtjeneste i Nord-Trøndelag. I januar 1898 skreiv han ein søknad til Stortinget om å få eit lån på 15 000 kr for å kunne sette opp hus på Spitsbergen! Han fekk sjølv sagt avslag, og neste stopp vart Rombaksbotn i utkanten av Narvik.

I folketeljinga frå 1900 er Anæseus oppført som brusfabrikant. I tillegg til brusfabrikk dreiv han også dansesalong, apotek, kuranstalt og trykkeri med eige aviskontor. Avisa hette *Rombaksbotn avis*, og han var sjølv redaktør. Han skreiv godt og hadde krasse meiningar. Han ga også ut boka *Drapet af Emil Eriksen*, men boka vart forbode av rettsvernet, som meinte han skildra politiet i Narvik på ein nedlatande og negativ måte. I rettsaka var ha sin eigen forsvarsadvokat og gjekk til kamp mot både politi og stat. Han vart ikkje dømt.

Som sanitetskorporal ergra han på seg ein heil legestand da han ønskte pasientar til sitt kontor. *Myklevand behandler benbrudd, saar og hudsygdomme, samt sykdom i kjønnsorganene* utan noko legeautorisasjon. Og han vart meldt for kvakksalveri.

I 1902 vart han tiltalt for å ha ulovleg vin- og ølutsal i Narvik, og året etter flytta han sørover til Dunderlandsdalen. På grunn av sin taleemne vart han her dratt inn i streikeleiinga på jernbanen, sjølv om han slett ikkje dreiv innanfor denne bransjen; han hadde brusfabrikk og dreiv avis. I 1904 var han i Ålesund og der vart han knivstokke for sine skriverier i avisa si *Rodehuggeren*, og turen gjekk så vidare til Folldal. Herifrå tok han med seg si frynsete legeverksemd til Oslo, der han igjen vart tiltalt for kvakksalveri.

Storbedragar vart han etter å ha starta *Norsk Premieobligasjonskontor*, som hadde mange salsagentar i heile Noreg. Medan politiet etterforska denne saka reiste Annæseus til Göteborg, men vart heimsendt etter å ha vorte tatt for svindel der også. Med ni dommar og ei lang liste med bøter for ulovleg brennevinsal, vart han sittande inne i 15 månadar.

Da han kom ut av fengsel reiste han tilbake til Trøndelag. No var han fotograf og ga ut postkort. I 1913 står han oppført som frukthandlar og ekteskapsagent. Etter Trøndelagsperioden flytta han til Harstad og starta *Ull og filler*, der han samla inn klede til omsying. Dette firmaet opphøyrd i 1918 og ein ny brusfabrikk gjekk konkurs. Han prøvde seg på sildeeksport, men turane over til Sverige vart til rangleturar, og silda vart sur.

Alderen, pokerspelninga og tett drikking sleit på mannen. I 1920 vart han pumpa av ein lege etter å ha drukke saltsyre i eit forsøk på å reparere formen dagen derpå. Da han kom seg på føtene att starta han det første reklamebyrået i Harstad.

Siste stoppestad for Annæseus Myklevand var i Båtsfjord. Her var han leiar ved eit bakeri, og kokte syltety. I tillegg trakk han tenner på folk med tannpine. Det siste kapitlet vart dramatisk. Huset han budde i og dreiv krambod frå brann ned etter at ein primus eksploderte i 1935. Det vart sagt at Anæseus arbeidde så hardt for å redde mest mogleg, at da han sette seg ned for å kvile etterpå, slokna han for godt.

Ein av dei tinga han fekk redda ut av flammene var eit Steinkjerpositiv laga av Thomas Fosnæs, som han hadde tatt med seg frå Trøndelag kring 1915. Det er lett å tenke seg at Myklevand sikra seg eit slikt spel for å ha musikk på sine mange serveringsstader. Det er fortald at positivet flittig var i bruk til fest og dans heilt til 2. verdskrig, men at det i løpet av krigsåra vart ramponert.

Da Annæseus døyde i 1935 vart Steinkjerpostivet seld på auksjon. Etterkommarane etter han som kjøpte det tok det med til Jann-Magnar Fiskvik på Levanger for å få det reparert. Etter å ha studert det andre kjente positivet som var bygd av Fosnæs, fekk Fiskvik låt i pipane igjen i 2002. Da eigaren Sigurd Løkås i Båtsfjord døyde i 2016 avgjorde borna at dei skulle selje positivet. Historielag, museumslag, museum og Steinkjer kommune engasjerte seg for å få denne

kulturskatten tilbake til Steinkjer. Den 4. mars 2017 vart positivet gitt til Egge museum i samband med miniseminaret *Positiv lørdag* i Steinkjer rådhus.